

# Referat frå styremøte i Valldal idrettslag

**Tid:** Torsdag 28. februar 2019, kl. 19.30

**Stad:** Klubbhuset

Desse møtte: Jan Ole Fuglem, Einar Hoel, Børge Heggen Johansen, Liv Marit Indreeide, Odd Lennart Vikene, Andreas Håvoll, Torkjell Døving, Trond Håvoll, Silje Sandøy Grønning

Forfall: Anders Rem, Richard Moen

**Sak 05/19** Informasjon frå gruppene og styret

**Trimgruppa:** Stilt og roleg

**Friidrett:** Vinterdvale

**Fotballgruppa:** Futsal går mot slutten. 3 lag med. Gutane kvalifisert til 1.div. 10 lag påmeldt, også herrelag i 11-ar. Tel på knappane om bana skal brøytast/myldast. Lite snø.

**Skigruppa:** Mykje aktivitet. Arr ekstra sprintrenn førre helg. Mange gode resultat i vinter.

**Styret:**

**Sak 06/19** Marknaden, bygdefest, olsok

**Marknad** Laurdag 6. april kl 15.00. Marknadskomitè; Silje, Liv Marit og Anders. Forslag om bildeframsying undervegs i arrangementet, «gamle» bilete som viser aktivitet rullar på lerretet.

**Bygdafest** Laurdag 13. april. Plukka vilkårlig ut 20 namn frå medlemslista (sjå vedlegg)

**Olsok** Utset dette sidan ingen frå arbeidsgruppa er til stades.

**Mefjellet Opp** Godt i gong med førebuingane, blir jobba med sponsorar, allereie fleire påmeldte. Trimgruppa og friidrettsgruppa blir utfordra til å tenke ut uformelle løp/trimturar fram mot Mefjellet Opp.

**Sak 07/19 Mal for årsmelding, rekneskap, budsjett og arbeidsplan**

I arbeidsplanen står det at det skal lagast ein felles mal for årsmelding, rekneskap, budsjett og arbeidsplan. Utsende forslag vart vedteken, med tilføyning av punktet likestilling og mangfald (sjå vedlegg)

**Sak 08/19 Årsmøta**

Føreslåtte datoar for avvikling av årsmøter vart vedtekne

Friidrett måndag 11.mars

Fotball tysdag 12. mars

Ski onsdag 13. mars

Trim torsdag 14. mars

Disksport fredag 15. mars

Valldal IL onsdag 27. mars

Tradisjonelle årsmøtesaker

Viktig å tenkje på kjønnskvotering når ein no skal finne nye til styre og stell. Minst 40%.

Einar set inn annonse i veke 10, i tillegg legge ut på heimesida. Gruppene legg ut på sine facebooksider.

**Sak 09/19 100 år**

Har blitt kontakta av NK ved ordførar Arne Sandnes vedr samarbeid om ein konferanse knytta opp mot idrett i samband med markeringa av Valldal IL sitt 100-års jubileum helga 22.-24. november. Ein tenkjer då ein konferanse fredag ettermiddag. Framleis i startgropa når det gjeld planlegging. Einar er invitert med på neste møte. Styret stiller seg positivt til eit slikt samarbeid.

**Evt. Belysning**

Ønske om betre belysning på stadion (grasbana), i tillegg/evt. vurdere oppgradere lysforholda på kunstgrasbana. Torkjell sjekkar opp pris o.l.

Møtet slutt kl. 22.00

Liv Marit Indreeide

-referent